

## Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 16.09.2020

Saka vart lagt fram utan saksframlegg.

**Senea Sabanovic (A)** sette fram slikt forslag til uttale:

«Uttale om Moria

Vestland fylkeskommune tar på høgst alvor den humanitære katastrofen som finn stad i Moria i Hellas. Noreg må delta i dugnaden med å henta ut sårbare flyktningar frå den humanitære katastrofen i Moria-leiren, og meina at Noreg har kapasitet og moglegheit til å ta imot fleire enn 50 menneskjer. Vestland fylkeskommune støttar dei kommunane i Vestland fylke som ynskjer å ta i mot flyktningar ifrå Moria leiren i Hellas, og vil bistå kommunane slik at dei får eit best mogleg tilbod om integrering, utdanning og arbeid.»

### **Avrøysting**

Sabanovic sitt forslag fekk 11 røyster (A, FNB, MDG, Sp, SV, V, R) og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 4 røyster (Frp, H, Pp).

### **Innstilling til fylkesutvalet**

Vestland fylkeskommune tar på høgst alvor den humanitære katastrofen som finn stad i Moria i Hellas. Noreg må delta i dugnaden med å henta ut sårbare flyktningar frå den humanitære katastrofen i Moria-leiren, og meina at Noreg har kapasitet og moglegheit til å ta imot fleire enn 50 menneskjer. Vestland fylkeskommune støttar dei kommunane i Vestland fylke som ynskjer å ta i mot flyktningar ifrå Moria leiren i Hellas, og vil bistå kommunane slik at dei får eit best mogleg tilbod om integrering, utdanning og arbeid.